



Linn E Ø Søråa
Eknes 17
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6717 - 14/21760

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
24.09.2014

Avvist søknad - reiskapshus og svømmebasseng - gbnr 238/80 Eknes indre

Administrativt vedtak. Saknr: 286/14

Vi viser til Dykkar søknad om tiltak etter Pbl § 20-1, motteken med vedlegg den 23.09.2014. Søknaden omfattar oppføring av reiskapshus og svømmebasseng.

Vurdering

Det er registrert fleire manglar ved søknaden. Manglane gjeld bland anna følgjande forhold:

- Dersom du ynskjer eit permanent basseng, må du ta kontakt med eit profesjonelt føretak som kan stå ansvarleg for utbygging og omsøking av bassenget. Oppføring av svømmebasseng med tilhøyrande installasjonar som dette er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-1 med krav til ansvarlege føretak.
- Det er ikkje gjort greie for korleis svømmebassenget skal forsynes med vatn og korleis gråvannet vert håndtert
- Situasjonsplanen viser ikkje avstanden frå tiltaka til nabogrensa eller andre bygningar på eigedomen
- Snitt, plan og profildeikningar skal vere fagmesig utført. Det vil seie målsett og i målestokk.
- Fasadeteikningar skal vises eksisterande og planlagt terreng langs fasadane og fram til krosspunkt mellom nytt og gammalt terreng – og fram til eigedomsgrense

Dette er ikkje å sjå på som ei fullstendig liste av alle manglane i saka.

Søknaden er ikkje fullstendig i samsvar med pbl. § 21-2 og byggesak kapittel 5.
Søknaden er vurdert å vere for mangelfull til at den vert teke til handsaming.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ.

| | |
|------------|-------|
| Avvist sak | Gebyr |
|------------|-------|



| | |
|------------|--------------|
| 10.2.11 | 2.100 |
| SUM | 2.100 |

Avgjerd

Søknaden vert sendt i retur uhandsama, då den ikkje tilfredstiller lovgivinga sine krav. Ein gjer merksam på at byggesaka med dette er avslutta. Ny komplett og kvalitetssikra byggesak må sendast inn om søknad skal verte realitetshandsama.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Linn E Ø Søråa

Eknes 17

5993

OSTEREIDET